



Niklas og Nils Rainer selde diktsamling og kristornbukettar.

Dei 13 elevane i 7.klasse ved Uskedalen skule har laga ei flott diktsamling med tittel Tankar og følelsar. Kvar av elevane har 2 dikt som dei har skrive, med i samlinga. No er dei godt i gang med salg av samlinga. Inntekta av salget skal gå til ein kjekk klassesetur før dei avsluttar barneskuletida i Uskedalen og flyttar over til ungdomsskulen i Rosendal.

I går selde elevane diktheftet under julegrantenningsarrangementet. I dag var to blide elevar, Niklas Lakselv og Nils Rainer Vågen, godt i gang med salg på Spar. I tillegg selde dei og flotte beinvedbukettar frå Skorpo. For buketttane kunne kundane bestemma prisen sjølv, dei kunne til og med få det som gåve om dei kjøpte diktsamlinga. Diktsamlinga kosta 100,-kroner.

Niklas og Nils Rainer fortalde at alle elevane i klassen selde diktsamlinga. Derfor får truleg dei fleste uskedelingar besøk på døra av blide 7.klassingar.

Vi tar med eit bidrag frå kvar av dei to seljarane:

Mahatma Ghandiji

Mahatma Ghandiji var ein viktig person
Han vant krig utan krig, han var elska av folket
og fekk britane ifrå landet.
Av: Nils Rainer.

Elske

Alle har noen å elske.
Dyr eller menneske.
Alle har en venn.
Man slipper å gå alene hjem
Noen gode venner holder også hender.
Av: Niklas

Lukke til med salget!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland